



Ola Matti Mathisen med nettavisa då den vart lansert i juli 2006. (Foto: Grenda)

**Lokalavisa Grenda har i desse dagar sett i gang ei kåring av Årets namn i Kvinnherad 2010.**

**Vår kjære nettredaktør, Ola Matti Mathisen, har fått ein velfortent plass mellom dei 10 kandidatane vi alle kan stemma på.**

Då Matti pensjonerte seg for om lag 5 år sidan kom han frå "det ukjende" og busette seg fast på familien sitt ferieparadis på Skansen. Med same den nyslåtte pensjonisten var på plass i bygda, var han i gang. Kort tid etter såg både Uskedalsposten og den populære nettsida uskedalen.no dagens lys; - begge med den tidlegare Austlandsredaktøren som redaksjonell leiar.

Han starta friskt, og gjennom dei påfølgjande 5 åra har han halde ein imponerende høg og jamn aktivitet. Han har verkeleg gjort ein stor og betydningsfull innsats for den nye heimbygda si. Som innbyggjarar er vi blitt meir oppmerksame på alt det positive som skjer i bygda vår. Arbeidet til Matti har utvilsomt hatt ein positiv og samlande effekt. Det er derfor heilt naturleg at han er uskedelingen som er mellom Grenda sine 10 utvalde kandidatar.

Grenda skriv i presentasjonen:

**Ola Matti Mathisen:** Pensjonert journalist frå Lillehammer, som har funne seg vel til rette i Uskedalen. Er ansvarleg for nettstaden uskedalen.no, som han produserer nyhende for kvar einaste dag. Og trass i at mannen er 69 år, er han alltid til stades der det skjer så sant det kan knytast til Uskedalen på ein eller annan måte.

Det er mange muligheter for å delta i stemminga. I kvart nummer av avisa er det ein kupong som kan sendast pr. post. Vi kan og stemma ved å skriva namnet på kandidaten og **senda sms** til 90 78 54 57 eller som **e-post** til [post@grenda.no](mailto:post@grenda.no). Du kan også gje di røyst munnleg til ein av dei tilsette i avisa.

**Fristen for å røysta er 28. desember klokka 10. Dei som stemmer er med i trekkinga av fem gåvekort frå ulike butikkar i Kvinnherad.**

Dei 9 andre kandidatane er ordførar Synnøve Solbakken, fotballspelaren Kjetil Berge som erkaptein på det nye tippeligalaget Sparta Sarpsborg, Ove Tvedt, Øystein Hellesøy, fotballeiarane Arvid Nes og Are Ulseth, friidrettstalentet Frida Berge, Anne Grete Honerød og Gaute Lund.

Korleis Matti kjem utav den endelege kåringa, er nok i stor grad avhengig av kven som engasjerer seg og deltar. At han er ein kjempegod kandidat herskar det ingen tvil om.

Av: Thor Inge Døssland.